



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 27 S

(2022–2023)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2022 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 25. november 2022,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med forslag til endringar i statsbudsjettet 2022 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 gjer departementet greie for bruk av fullmakt under petroleumsverksemda.

2 Endringar i statsbudsjettet 2022

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til om lag 196,8 mill. kroner. Reduksjonen har i hovudsak samanheng med vakansar og lågare pensjonspremie. I tillegg har det vore mindre utgifter til reiser, møte, seminar mv. etter pandemien og større refusjonar frå Nav enn det som var venta. Innsparinga blir foreslått omdisponert til andre formål, jf. nærmare omtale under kap. 1800, post 21.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72

Den ekstraordinære situasjonen med høge energiprisar og ein krevjande kraftsituasjon vinteren som kjem, tilseier at det er nødvendig å styrke

arbeidet med energisparing og energieffektivisering. Det blir foreslått ei tilleggsløyving til eit informasjonsopplegg for ENØK retta mot hushald, næringsliv og stat og kommune. Informasjonsopplegget skal omfatte tiltak som kan settast i verk på kort og lang sikt.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner, til 43,7 mill. kroner. Auken blir inndeckt av innsparing under kap. 1800, post 01, jf. omtale ovanfor.

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 0,7 mill. kroner, til 6,8 mill. kroner. Årsaka til reduksjonen er endra valutakursar og gjennomførte utbetalingar.

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Tildelingsprosessen for Utsira Nord og for fase 1 av Sørlege Nordsjø II er planlagt starta opp i første kvartal 2023. For å korte ned tida for konsekvensutgreiing av desse havvindområda, og dermed den totale konsesjonsbehandlingstida, gjennomfører staten forundersøkingar i desse områda. Ein føreset at utgiftene staten har til prosjektspesifikke undersøkingar, blir tilbakebetalt

av selskapa som får tildelt areal i dei relevante områda.

I 2022 er det gjennomført forundersøkingar på delar av Sørlege Nordsjø II. Datainnsamlinga er blitt forseinka på grunn av dårleg vær, og utfordringar med vassstemperaturen har ført til at båten måtte kartleggje på ein annan måte enn det som var planlagt, for å få god nok datakvalitet. Under-søkinga i 2022 er no avslutta, og i underkant av 40 prosent av områda er kartlagt. Forseinkinga har ført til at løyvinga kan reduserast med 30 mill. kroner i 2022.

Som følge av forseinkinga og erfaringane frå anbudsprosessen i 2022 har Oljedirektoratet oppdatert det samla kostnadsestimatet for grunnundersøkingane av både Sørlege Nordsjø II og Utsira Nord frå 95 mill. kroner til totalt 150 mill. kroner. Budsjettbehovet for 2023 er auka med 85 mill. kroner frå det som er foreslått i Prop. 1 S (2022–2023), til totalt 115 mill. kroner. Det inneber eit meirbehov på totalt om lag 55 mill. kroner utover forskyving av undersøkingar frå 2022 til 2023.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 30 mill. kroner, til 101,5 mill. kroner. Vidare blir det foreslått å auke bestillingsfullmakta frå 10 mill. kroner til 125 mill. kroner, slik at Oljedirektoratet kan inngå avtalar i 2022 om vidare grunnundersøkingar som skal gjennomførast i første halvår 2023.

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Posten dekker mellom anna utgifter til Oljedirektoratets samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) om rådgiving innanfor petroleumsforvaltning for utviklingsland (Olje for utvikling).

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 12,4 mill. kroner, til 73,5 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med mindre bruk av konsulentar i ulike program under Olje for utvikling. Det blir foreslått ein tilsvarande inntektsreduksjon under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 22 Flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under postane 45, 60 og 72

Posten omfattar utgifter til tiltak for førebygging av flaum- og skredskadar som blir gjennomførte i

regi av Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE). Løyvinga under posten er bunden opp i planlagde og igangsette prosjekt og inngåtte kontraktar, men store delar av utbetalingane vil forfalle i seinare budsjettår. Dette har i hovudsak samanheng med at det er igangsett fleire store sikringstiltak og kartleggingar som går over fleire år, omfattande planleggings- og prosjekteringsprosessar i enkelte prosjekt i tettbygde område og utfordringar i marknaden innan planlegging og prosjektering av sikringstiltak.

Basert på forventa utbetalingsbehov i 2022 blir det foreslått å redusere løyvinga med 100 mill. kroner, til 155,3 mill. kroner. Vidare blir det foreslått å auke bestillingsfullmakta frå 150 mill. kroner til 250 mill. kroner, som følge av forpliktingar som ikkje blir utbetalte i 2022.

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Posten dekker mellom anna utgifter til NVEs samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklings-samarbeid (Norad) og andre internasjonale rådgivingsoppdrag innanfor vass- og energisektoren for utviklingsland.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 15,8 mill. kroner, til 60,5 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med mindre aktivitet og forseinkingar i ulike internasjonale program. Det blir foreslått ein tilsvarande inntektsreduksjon under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Post 25 Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar

Posten dekker utgifter til krisetiltak som er nødvendige for å hindre overhengande fare rett før, under og rett etter flaum- eller skredhendingar. Vidare dekker posten utgifter til hastetiltak, som er tiltak som må gjennomførast raskt for å hindre eller redusere ytterlegare skadeutvikling, men der det er tid til forenkla planlegging og saksbehandling.

Av løyvinga på 150 mill. kroner er det budsjettetert med om lag 100 mill. kroner til gjennomføring av dei omfattande tiltaka etter kvikkleire-skredet i Gjerdrum kommune for å sikre busetnaden i Ask sentrum.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 25 mill. kroner, til 125 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med at det har vist seg mogleg å gjennomføre grunnstabilisering ved Ask i Gjerdrum kommune med ein rimelegare metode

enn det som var føresett i tidlegare kostnadsanslag.

Post 26 Reguleringsmyndigheita for energi

Posten dekkjer administrasjonsutgifter for Reguleringsmyndigheita for energi (RME). Av løyvinga for 2022 er det budsjettert med 7 mill. kroner til administrasjon av straumstønadsordninga for hushald og burettslag, jf. Prop. 45 S (2022–2023) og Prop. 77 S (2022–2023). Det er venta ei mindre utgift til administrasjon av straumstønadsordninga i 2022.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2 mill. kroner, til 68,8 mill. kroner.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 22

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1,1 mill. kroner, til 25,6 mill. kroner. Ein viser til tilsvarende forslag under kap. 4820, post 03 Sal av utstyr mv.

Post 60 Tilskot til flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under postane 22 og 72

Kommunar søker NVE om tilskot til å utføre sikringstiltak i eigenregi. Tilskotet blir gitt som tilsegn, og prosjektet må normalt vere gjennomført innan to år frå utgangen av det året tilsegna er gitt. Utbetaling av tilskot skjer i hovudsak når tiltaket er slutført og dokumentasjon er send til NVE. Kommunar kan søke om lengre frist om det skjer uventa hendingar som endrar framdrifta i prosjektet. Løyvinga under posten er bunden opp i tilsegner som er gitt, men utbetalingane er hovudsak venta i seinare budsjettår.

Basert på forventa utbetalingar av tilskot i 2022 blir det foreslått å redusere løyvinga med 100 mill. kroner, til 10 mill. kroner. Vidare blir det foreslått å auke tilsegnsmakta frå 130 mill. kroner til 230 mill. kroner, som følge av tilsegner som ikkje blir utbetalte i 2022.

Post 75 Stønad til hushald for ekstraordinære straumutgifter, overslagsløyving

Det er løyvd 34,8 mrd. kroner til straumstønadsordninga for hushald og burettslag i 2022. Løyvinga i 2022 skal dekke straumforbruk frå desember 2021 til og med november 2022. Gjeldande

løyving er basert på berekningar med prisar per primo august 2022.

Med utgangspunkt i gjennomførte utbetalingar så langt i 2022 og prisar per medio oktober 2022 er løyvingsbehovet for ordninga anslått til 33,2 mrd. kroner i 2022. Anslaget er usikkert. Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,6 mrd. kroner, til 33,2 mrd. kroner.

Kap. 1840 CO₂-handtering

Post 72 Langskip – fangst og lagring av CO₂, kan overførast

Posten omfattar utgifter til delprosjekta i Langskip som består av CO₂-fangstprosjekt på sementfabrikken til Norcem i Brevik og på avfallshandteringsanlegget til Hafslund Oslo Celsio på Klemetsrud i Oslo og transport og lagring av CO₂ på kontinentalsokkelen ved Northern Lights.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 440 mill. kroner, til 3 400 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med forskyving av kostnader hos Norcem som inneber redusert utbetalingsbehov i 2022 og ein tilsvarende auke i anslaga for 2023 og 2024. Auken i kostnader i 2023 er innarbeidd i forslaget til løyving i Prop. 1 S (2022–2023).

Kap. 4800 Olje- og energidepartementet

Post 10 Refusjonar

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 500 000 kroner, til 162 000 kroner. Reduksjonen har samanheng med mindre aktivitet under bistandsprogrammet Olje for utvikling.

Post 70 Garantiprovisjon, Gassco

Olje- og energidepartementet har stilt garanti innanfor ei samla ramme på inntil 1 mrd. kroner for skadar og tap på mottaksterminalane på kontinentet som kan oppstå som følge av forsettlege handlingar hos leiande personell i Gassco AS. Garantiprovisjonen er sett til 70 prosent av forsikringspremien på Gasscos ordinære ansvarsforsikring.

Med dagens premie svarer dette til om lag 2 mill. kroner i garantiprovisjon for 2022. Det blir på denne bakgrunnen foreslått å auke løyvinga med 0,5 mill. kroner, til 2 mill. kroner.

Kap. 4810 Oljedirektoratet

Post 01 Gebyrinntekter

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 2,7 mill. kroner, til 25,8 mill. kroner. Reduksjonen kjem i hovudsak av lågare inntekter som følge av færre søknader i samband med tildelingar i førehandsdefinerte område på norsk sokkel (TFO).

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 12,4 mill. kroner, til 73,5 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsreduksjon under kap. 1810, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 15,8 mill. kroner, til 60,5 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarande utgiftsreduksjon under kap. 1820, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

(Ny) Post 03 Sal av utstyr mv.

Det blir foreslått å løyve 1,1 mill. kroner under posten. Ein viser til tilsvarande utgiftsauke under kap. 1820, post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet

Post 70 Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag

Sektoravgifta for kulturminnevern i regulerte vassdrag dekkjer kostnader til arkeologiske undersøkingar i vassdrag. Det er konsesjonar gitt før 1960 der det ikkje blei gjort arkeologiske undersøkingar ved utbygginga, som er omfatta av ordninga når konsesjonen skal fornyast eller vilkåra reviderast. Konsesjonæren betaler eit beløp basert på omfanget av produksjonen i reguleringsmagasinet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 48 mill. kroner, til 78 mill. kroner. Auken er knytt til at sektoravgifter frå revidert konsesjon for regulering av vassdraga Røssåga og Tokke-Vinje blir innbetalte i 2022 i staden for 2023 som føreset tidlegare.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsværksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytte til petroleumsværksemda.

Under gjer Olje- og energidepartementet greie for bruken av fullmakter sidan den førre rapporteringa.

3.1 Utbyggingssprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Stortinget har samtykt i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne prosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under desse føresetnadene, jf. fullmakt XIV i Innst. 9 S (2021–2022):

1. Prosjektet må ikkje ha prinsipielle eller samfunnsmessige sider av betydning.
2. Den øvre grensa for dei samla investeringane per prosjekt er 15 mrd. kroner.
3. Kvart enkelt prosjekt må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønnsemd og vere rimeleg robust mot endringar i prisutviklinga for olje og naturgass.

Fullmakta er nytta ved desse høva¹:

Kristin Sør

Olje- og energidepartementet mottok 30. juni 2021 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) for Kristin Sør-prosjektet. Kristin Sør ligg i Norskehavet, sørvest for Åsgardfeltet og om lag 200 km nordvest for Trondheim. Planen omfatta ei felles utbygging av petroleumsværksemdane Kristin Q og Lavrans. Kristin Q er ein del av Kristin-feltet, medan Lavrans er aust for Kristin. Førekostane skal byggast ut som havbotnutbyggingar som vil bli knytte til Kristin-plattformar. Olje vil bli transportert til Åsgard C, medan gass går til Åsgard Transport. Utvinnbare reserver er estimerte av operatøren til om lag 9,2 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Produksjonsstarten er planlagt til første kvartal 2024. Rettshavarar er Equinor Energy (54,82 prosent), Petoro (22,52 prosent), Vår Energi (16,66 prosent) og TotalEnergies EP Norge (6 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 6,5 mrd. kroner.

PUD for Kristin Sør blei godkjend 2. februar 2022.

¹ Til og med oktober 2022.

Tommeliten A

Olje- og energidepartementet mottok 8. november 2021 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) for Tommeliten A-feltet. Tommeliten A er eit gass- og kondensatfunn som er lokalisert om lag 25 km sørvest for Ekofisk-feltet i den sørlege delen av Nordsjøen. Ein liten del av funnet ligg på britisk sokkel. Utbygging og drift av Tommeliten A er fullt ut planlagt på norsk sokkel. Tommeliten A skal byggast ut ved å nytte eksisterande infrastruktur på Ekofiskfeltet. Feltet er planlagt utbygd med to havbotnrammer med seks brønnsliissar kvar. Brønnstraumen vil bli ført til Ekofisk feltsenter og prosessert der. Etter prosesseringa vil tørrgass bli transportert til Emden i Tyskland, medan olje og våtgass vil bli ført i røyr til Teesside i Storbritannia. Forventa utvinnbare reservar er berekna til om lag 21 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Forventa oppstart av produksjonen er første kvartal 2024. Rettshavarane på norsk side av grensa er ConocoPhillips Skandinavia (28,1385 prosent), PGNiG Upstream Norway (42,1978 prosent), TotalEnergies (20,1430 prosent) og Vår Energi (9,0907 prosent). Dei totale investeringane for prosjektet er anslått til 12,5 mrd. kroner.

PUD for Tommeliten A blei godkjend 8. juli 2022.

Kobra East og Gekko

Olje- og energidepartementet mottok 30. juni 2021 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) for Kobra East og Gekko. Kobra East og Gekko er to mindre petroleumsførekomstar som ligg i Alvheim-området i den midtre delen av Nordsjøen. Funna skal byggast ut som ei havbotnutbygging knytt til produksjonsskipet på Alvheim-feltet (Alvheim FPSO). Frå Alvheim FPSO vil prosessert rikgass bli transportert via eksportsystemet på Alvheim-feltet. Utvinnbare reservar er estimerte til 6,9 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Produksjonsstart er planlagt til første kvartal 2024. Rettshavarane i Kobra East og Gekko er Aker BP som operatør (80 prosent) og ConocoPhillips (20 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 8 mrd. 2021-kroner.

PUD for Kobra East og Gekko blei godkjend av Olje- og energidepartementet 10. februar 2022.

Frosk

Olje- og energidepartementet mottok 21. september 2021 søknad om godkjenning av plan for

utbygging og drift (PUD) for Frosk. Frosk er ein petroleumsførekomst som ligg i tilknytning til Bøyla-feltet i den midtre delen av Nordsjøen. Førekomsten skal byggast ut med to havbotnbrønner som vil bli knytte til produksjonsskipet på Alvheim-feltet (Alvheim FPSO) via eksisterande utstyr på havbotnen. Utvinnbare reservar er estimerte til 1,51 mill. Sm³ oljeekvivalentar. Produksjonsstart er planlagt til første kvartal 2023. Rettshavarane i Frosk er Aker BP som operatør (80 prosent) og Vår Energi (20 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til om lag 2 mrd. 2021-kroner.

PUD for Frosk blei godkjend av Olje- og energidepartementet 8. juli 2022.

Ormen Lange fase 3

Olje- og energidepartementet mottok 20. september 2021 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (PUD) for Ormen Lange Fase 3. Ormen Lange Fase 3 er eit prosjekt for å auke utvinninga frå Ormen Lange-feltet. Ormen Lange-feltet er eit gassfelt som ligg i Norskehavet og blei sett i produksjon i 2007. I planen for Fase 3 inngår to rikgass kompressorstasjonar på havbotnen, kvar med to kompressorar på 8 MW med tilhøyrande utstyr. Gjennom prosjektet er det forventa at ytterlegare 40 mrd. Sm³ gass og 1 mill. Sm³ kondensat blir frigjort ved å redusere trykket ved brønnehovuda gjennom bruk av havbotnkompresjon. Dette vil auke brønnstraumen frå Ormen Lange-feltet til Nyhamna-anlegget, noko som gir både større produksjon og auka utvinning. Utvinningsgraden er venta å auke frå 75 prosent til 85 prosent, og produksjonen av gass vil bli akselerert. Produksjonsstart er planlagt til fjerde kvartal 2025. Rettshavarane er Shell (operatør, 17,8134 prosent), Petoro (36,4850 prosent), Equinor Energy (25,3452 prosent), PGNiG Upstream Norway (14,0208 prosent) og Vår Energi (6,3356 prosent). Dei totale investeringane er i endra PUD berekna til om lag 11,7 mrd. 2021-kroner.

Endra PUD for Ormen Lange Fase 3 blei godkjend av Olje- og energidepartementet 8. juli 2022.

Troll Vest Elektrifisering

Olje- og energidepartementet mottok 23. april 2021 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (endra PUD) for Troll. Troll-feltet ligg i den nordlege delen av Nordsjøen og har vore i produksjon sidan 1995. Feltet er bygd ut med innretningane Troll A, Troll B og Troll C. Troll Aust er bygd ut med Troll A, som blir drive

med kraft frå land, medan Troll Vest er bygd ut med Troll B og Troll C. Endra PUD for Troll inneber ei omlegging av delar av energiforsyninga til Troll B og heile energiforsyninga til Troll C til kraft frå land. Det blir tilrettelagt for at Troll B eventuelt seinare også kan byggast om til full drift basert på kraft frå land. På land omfattar prosjektet tilknytning til Statnetts transformatorstasjon på Kollsnes (Øygarden i Vestland), bygging av ny transformatorstasjon på Kollsnes og kabel mellom Statnetts transformatorstasjon og den nye transformatorstasjonen og vidare til eit landfall for sjøkabelen. Denne infrastrukturen blir etablert i samarbeid med rettshavarane på Osebergfeltet og er også tilrettelagd for eventuelle ytterlegare tilkoplingar. Til havs omfattar prosjektet ein om lag 85 km lang vekselsstraumkabel frå Kollsnes til Troll B og ein om lag 20 km lang kabel vidare til Troll C. Planlagd oppstart av den nye energiløysinga på Troll B er i første kvartal 2024, medan det

på Troll C er planlagd oppstart i første kvartal 2024 og ferdigstilling i andre kvartal 2026. Rettshavarane på Troll er Equinor (operatør, 30,58385 prosent), Petoro (56,0 prosent), Norske Shell (8,10145 prosent), TotalEnergies EP Norge (3,69096 prosent) og ConocoPhillips Skandinavia (1,62374 prosent). Dei totale investeringane er i endra PUD berekna til 7 863 mill. kroner.

Endra PUD for Troll Vest Elektrifisering blei godkjend av Olje- og energidepartementet 17. desember 2021.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2022 under Olje- og energidepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2022 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2022 under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2022 blir det gjort følgende endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 201 795 000 til kr 196 795 000	5 000 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72</i> , blir auka med.....	5 000 000
		frå kr 38 700 000 til kr 43 700 000	
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv., blir redusert med	700 000
		frå kr 7 500 000 til kr 6 800 000	
1810		Oljedirektoratet:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med.....	30 000 000
		frå kr 131 500 000 til kr 101 500 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	12 400 000
		frå kr 85 900 000 til kr 73 500 000	
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat:	
	22	Flaum- og skredførebygging, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 45, 60 og 72</i> , blir redusert med.....	100 000 000
		frå kr 255 300 000 til kr 155 300 000	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir redusert med	15 800 000
		frå kr 76 300 000 til kr 60 500 000	
	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, blir redusert med	25 000 000
		frå kr 150 000 000 til kr 125 000 000	
	26	Reguleringsmyndigheita for energi, blir redusert med	2 000 000
		frå kr 70 800 000 til kr 68 800 000	
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 22</i> , blir auka med	1 100 000
		frå kr 24 500 000 til kr 25 600 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	60	Tilskot til flaum- og skredførebygging, <i>kan overført, kan nyttast under postane 22 og 72</i> , blir redusert med	100 000 000
		frå kr 110 000 000 til kr 10 000 000	
	75	Stønad til hushald for ekstraordinære straumutgifter, overslagsløyving, blir redusert med	1 600 000 000
		frå kr 34 800 000 000 til kr 33 200 000 000	
1840		CO ₂ -handtering:	
	72	Langskip – fangst og lagring av CO ₂ , <i>kan overført</i> , blir redusert med	440 000 000
		frå kr 3 840 000 000 til kr 3 400 000 000	

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet:	
	10	Refusjonar, blir redusert med	500 000
		frå kr 662 000 til kr 162 000	
	70	Garantiprovisjon, Gassco, blir auka med	500 000
		frå kr 1 500 000 til kr 2 000 000	
4810		Oljedirektoratet:	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med	2 700 000
		frå kr 28 500 000 til kr 25 800 000	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir redusert med	12 400 000
		frå kr 85 900 000 til kr 73 500 000	
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat:	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir redusert med	15 800 000
		frå kr 76 300 000 til kr 60 500 000	
(NY)	03	Sal av utstyr mv., blir løyvd med	1 100 000
5582		Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet:	
	70	Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag, blir auka med	48 000 000
		frå kr 30 000 000 til kr 78 000 000	

Fullmakter til å pådra forpliktingar utover gitte løyvingar

II

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet i 2022 kan pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar, men slik at den samla ramma for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1810		Oljedirektoratet	
	21	Spesielle driftsutgifter	125 mill. kroner
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	22	Flaum- og skredførebygging	250 mill. kroner

III

Tilsegningsfullmakter

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet i 2022 kan gi tilsegn utover gitte løyvingar, men slik at den samla ramma for nye tilsegner og gammalt ansvar ikkje overstig følgande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	60	Tilskot til flaum- og skredførebygging	230 mill. kroner



